

BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
DESEMBER 2020**



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

God adventstid venner. Det blir ei annleis jul i år med Covid-19 pandemien stadig herjande rundt oss. Eg fekk sjølv ei karantene på 10 dagar grunna nærbuktakt med «pandemien». Heldigvis vart det negativt prøvesvar på testen. For dei som fryktar sjølve testen kan eg lova dykk at den er heilt smertefri. Eg håper vi snart kan kome vidare, og at ei vaksine snart er klar. Hald avstand – vask hender – og hald deg heime om du er sjuk!

Gratulera til nyvalt styre i Bjerkreim bondelag, spesielt vil eg gratulere nyslått leiar Håvard Nevland. Lykke til med arbeidet i tida som kjem.

Idrettslaget planlegg nytt klubbhus mellom fotballbanane på stadiontomta. I den forbindelse kom det nyleg eit kjærkome tilskot til å realisere dette prosjektet frå ein av våre gåvmilde innbyggjarar. Tusen takk til Dag Inge Slettebø for bidraget til breddeidretten i Bjerkreim. Slike gaver gir så mykje til så mange, og betyr så mykje for ein liten kommune. Takk for bidraget.

Nokon av dykk fekk kanskje med dykk at Lyse og Hydro har fusjonert nokre kraftanlegg. Dette gir eigerskapet som Bjerkreim kommune har i Lyse enda betre. Det er bra at våre kraftselskap utviklar seg og veks. Dalane Energi har nærare dobla verdien sin, her er kommunen medeigar, og dette vil vise igjen i rekneskapa til Bjerkreim kommune i framtida. Dalane Energi har også gjort investeringsbeslutning om å oppgradere Ørsdalen kraftverk. Dette er ei investering på 55 millionar kroner som vil gi Bjerkreim kommune inntekter. Det beste med denne investeringa er forsyningsikkerhet til Stavtjørn/Ørsdalen området. Det gjeld både alpinanlegget og vidare utvikling av hyttegrendene i området. Bra satsing av Dalane Energi og Lyse!

Budsjettet er lagt fram. Det har blitt gjort mykje dei siste 4-5 åra, mellom anna organisasjonsgjennomgangen og nedlegging av barnehage. Arbeidet som har blitt gjort har gitt oss eit pusterom i budsjettsamanheng. Det er gledeleg at vi slepp nye kutt i 2021. Regjeringa har endeleg varsla endringar i skattesystemet for vindkraft. Dette kan gi kommunen sårt økte inntekter i tida som kjem. Dette er det ein samla bransje som står bak. Gjennom medlemskap i LNVK – «Medlemsorganisasjon for norske vindkraft kommuner» – har også Bjerkreim kommune gitt innspel på viktige endringar i skattesystemet. Dette kan gi «rom for meir» i tida som kjem.

Veldig gledeleg å sjå i Dalane Tidende at Bjarne, Bente og Berit var ute og informerte om økt aktivitetstilbod for eldre. Det er jobba veldig bra med å søke midlar for nettopp dette arbeidet hjå fylkeskommunen. Dette var kjekk lesing i ei tid der folk sitt meir åleine og treng sosial kontakt og aktivitet. Bra!

Kanskje kjem det nokre gode nyheter knytt til NKOM midlar for Fiberutbygging i Bjerkreim? Kven veit!!!! ;-)

Til slutt vil eg ønska dykk alle ei fin advent, god jul og eit riktig godt nyttår. Så snakkas vi på nyåret i Bjerkreimsnytt. Nyt førjulstida, jula, romjul og nyåret!

Vennleg helsing, Kjetil

KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Opningstider:
Måndag – onsdag kl. 15.00 -19.00
Torsdag – fredag kl. 12.00 – 15.30
Lørdag Stengt
Biblioteket er stengt vesle julafastan, julafastan og i romjula. Fyrste opningsdag i 2021 blir mandag 4. januar

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

Stjernehimmel over Ørsdalsvatnet.
Foto Alf S. Ognedal

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 6. januar. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før torsdag 17.12 kl. 24.00. Skriv kort! Om du vil sende bilet, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE DESEMBER

Kommunestyret:

Tysdag 15. kl. 16.00 på Vikeså skule

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

NAV

Kontordag på kommunehuset

på Vikeså: NAV har åpent for publikum i de tidligere lokalene til NAV Bjerkreim hver onsdag fra kl. 12.00 til kl. 14.00.

JULEGAVETIPS?

I serviceavdelinga på Kommunehuset kan du kjøpe:

- Boka «Ilåt» med kåseri av Gaute Skretting
- Bjerkreimsboka (del 2, 3 og 4) og andre lokale bøker
- Turkart for Bjerkreim
- «Glimt frå Bjerkreimsogå», årshefte 2020

VELKOMMEN TIL JULEGRANTENNING

Sted: Utenfor kulturbanken

Tid: Fredag 27.11 kl. 18.00

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes. Gang rundt juletreet, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole og Bjerkreim barnekor. Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken etter været. (Salg av mat fra kl. 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 – 18.20 mens vi går rundt juletreet)

På grunn av smittevern, kan ikke de fra ulike familier holde hverandre i hånda rundt juletreet. Ta derfor med 1 meter langt skjerf til hver familie, som kan hjelpe oss å holde avstand. Premie til mest fargerike skjerf! Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

KULTURDAGEN 2020 MÅ DESSVERRE AVLYSES!

Dessverre, etter nye og innstrammede smittevernregler, ser vi oss nødt til å avlyse årets kulturdag. De som eventuelt er nominert til noen av kommunens priser; innsatspremier eller byggeskikkprisen, vil bli invitert til en lukket tildeling på kommunehuset etter nærmere avtale.

Bjerkreim kulturstasjon

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90-Tallet!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur – digitaliserte videoer: «Krambuguten». Om Tolleiv Bjerkreim (2012)

BIBLIOTEKET

Biblioteket er stengt vesle julafastan, julafastan og i romjula. Fyrste opningsdag i 2021 blir mandag 4. januar.

SVØMMEKURS VÅREN 2021

Det blir arrangert svømmekurs på ulike nivåer våren 2021. Oppstart ca 8. januar, kurs går over 8 uker. Oppmøteplan blir sendt ut. Merk nytt tilbud: Ekstra småbarnskurs på mandager.

- Mandag 17.30 – 18.15:** Småbarn (fra det året barnet fyller 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)
- Fredag 16.15 – 17.00** Grunnkurs (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)
- Fredag 17.30 – 18.15** Småbarn (fra det året barnet fyller 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)
- Fredag 18.45 – 19.30** Videregående. (Må kunne flyte og ta noen svømmetak. Trenger ikke ha følge i bassenget).

Påmelding fra 2. desember til 4. januar. Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sin hjemmeside under Skjema/ søknadscenter – Kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

Smittevernregler for basseng og garderober i forhold til Covid – 19 vil bli sendt alle deltakere i forkant av kursene.

MINNER OM HVOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SVØMME!

ENDRING I SVØMMETILBUD LØRDAGER

På grunn av smittevernrestriksjoner og begrenset plass i bassenget på lørdager, har det vært stort press på de ulike familiegruppene. Vi endrer derfor en gruppe fra voksne over 18 år til familie **fra og med lørdag 28. november.**

NY GRUPPEINNDELING:

Kl. 09.30 – 10.15 Voksne over 18 år (Garderobe fra 09.20)

Kl. 10.45 – 11.30 **Endret:**
Familiebadning (Garderobe fra 10.35)

Kl 12.00 – 12.45: Familiebadning (Garderobe fra 11.50)

Kl. 13.15 – 14.00: Familiebadning (Garderobe fra 13.05)

Kl. 14.30 – 15.15: Familiebadning (Garderobe fra 14.20)

Åpent hver lørdag tom 19.12. Oppstart etter nyttår 2. januar 2021. Maks 15 personer får plass i hver badegruppe. Gratis adgang. Husk badehette. Bleiebarn må bruke badebleie. Lister blir lagt ut i gangen fra kl 09.30 for å reservere plass på de ulike gruppene. Du kan møte opp uten å ha reservert plass på forhånd, men alle må registrere seg før de går i garderoben. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe badevaktene og reservere tid.

OBS! NYTT TELEFONNUMMER: 404 44 955 FOR Å RESERVERE PLESS! Merk at grensa på 15 besøkende i hver gruppe er satt av kommunelegen, og er absolutt! Alle besøkende har selv ansvar for å overholde smittevernregler, og holde 1 meters avstand til andre badegjester. Det blir satt fram håndsprit i gangen, og smittevernregler blir hengt opp ved inngang til garderobene. Ingen med symptomer på luftveisinfeksjon må møte opp.

Grunnet utvidet renhold, må garderober tömmes og rengjøres mellom hver badegruppe. Oppfordrer derfor besøkende til å være så raske som mulig i garderoben, bruk helst ikke mer enn 10 minutter. Forlat eventuelt bassenget litt tidligere dersom du trenger mer tid i dusjen.

Ha et godt bad!



BRANNVERN

Egersund brann og redning underviste elever på 4. trinn ved Bjerkreim og Vikeså skoler i grunnleggende brannvern og delte ut *Brannvesenets julekalender*. Den inneholder adventstidens viktigste budskap: hvordan få en trygg og brannfri høytid. Brannforebygging er spesielt viktig i en tid preget av korona, hvor man kanskje oppholder seg enda mer hjemme enn normalt.

Brannvesen over hele landet – fra Vardø i nord til Kristiansand i sør – skal besøke barneskoler i sine kommuner før jul. Det betyr at et område på nesten 1,8 millioner innbyggere er med på denne viktige førjulskampanjen.

Farligst hjemme

Det er dessverre ikke uten grunn at så mange brannvesen setter av store deler av november til å besøke skolene i sine områder. De fleste branner oppstår i boliger og vi står nå foran en travel og kald adventstid: Vi fyrer i peis og ovn, lager mer mat enn vanlig, pynter med stearinlys og overbelaster det elektriske anlegget med julelys i alle varianter

Filmer fra hele landet

Julekalenderen er bygget opp på tradisjonelt vis med luker som skal åpnes hver dag. Bak hver luke finner barna en nettadresse til dagens luke

i den tilhørende nettkalenderen (www.brannvesenetsjulekalender.no). Bak lukene i nettkalenderen ligger konkuranser, oppgaver og filmsnutter. Filminnslagene er fra brannvesen og barn fra ulike steder i Norge, og alle innslag handler selvfølgelig om brannforebygging.

Barn gode ambassadører

Brannvesenet ønsker å presisere at det er de voksnes ansvar å passe på at slokkemiddel og røykvarslere er på plass og at brannfarlig pynt og dekorasjon ikke blir brukt. Men brannvesenet er mye i kontakt med barn ellers i året og har god erfaring med denne målgruppen som holdningsambassadører i hus og hjem.

RØYKVARSLERENS DAG

1. desember er røykvarslerens dag. En fin påminnelse om å teste røykvarsleren hjemme og bytte batteri.

"GLIMT FRÅ BJERKREIMSOGÅ"

Årshefte 2020 frå Ættesogelaget som inneholder 17 artiklar og 49 biletar, er i sal i resepsjonen på kommunehuset for kr 100,-

Glimt frå Bjerkreimsogå



Bjerkreim Ættesogelag
Årshefte 2020

ÆTTESOGELAGET

har avlyst Julamøte den 3. desember grunna smittesituasjonen. Medlemer vil få utdelt Årshefte 2020 i byringa av desember.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd.
Godt miljø.
2. desember går vi turen
Klögetvedt-Steinsland.
Avreise frå Esso kl 10.
Vel møtt.



Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

INTERNASJONAL KVINNEGGRUPPE

Vi samles til uformelle treff på lærerrommet på Vikeså småskule, kl. 18.30 til kl. 20.30. Det serveres kaffi og te, og litt å spise. Onsdag 9. desember.



«I DAG ER DET GLEDE»

Julekonserten «I dag er det glede» med Valborg, band og korister fra BSK blir lørdag 5. desember. For å få plass til alle, spilles konserten to ganger. Det blir en konsert kl. 18.30 og en konsert kl. 20.30. De som har kjøpt billett vil bli kontaktet.

BLÅ TIME – UTSATT

Konserten Blå Time er dessverre utsett pga dei nye smittevernreglane. Ny dato for denne konserten er laurdag 16. januar kl. 19.30 i Bjerkreim kyrkje. Sjå elles Blå Time på Facebook for billettsal og anna info.



BJERKREIMKALENDEREN 2021

Den 25. i rekkja! Vert i år øg sold hos Coop Byggmix, (om du ikkje får seljarar på døra).

Bjerkreim IL.

VIKESÅ MISJONSHUS DESEMBER

Dersom det ikkje vert lettelsar i koronarestriksjonane må ein rekna med at det meste av det som er planlagt vert avlyst. Fylg med på infotavla.

- 02. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 04. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 07. kl. 19.00 Juleavslutning Yngres og Korvetten
- 08. kl. 19.30 Samtalemøte
- 13. kl. 17.00 Adventsfest søndagssamling
- 15. kl 19.30 Bibelundervisning

BJERKREIM BEDEHUS DESEMBER

Desse arrangementa er planlagte, og dei blir gjennomførte dersom smittesituasjonen tillet det.

- 02. kl. 19.30 Møte, Sarepta



04. kl. 19.30 – 20.30

Julemesse på hjul (Hjulemesse)

Utanfor bedehuset blir det julemarknad med sal av julekaker, julepynt, julegraut, lappar, lynlodd, lodd til hovudtrekking og gourmetbasar, og fiskedam. Du får sjå ei flott julekrybbe, møta dei tre vise menn og sjå eit dramastykke for små og store. Alle som møter opp må registrerast, og alle må halda minst ein meter avstand til andre.

Arr: Imf Rogaland

- 06. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
- kl. 11.15 Søndagsskule
- 07. kl. 19.30 Yngres
- 11. kl. 19.30 Julesongkveld med SångZ. Enkel servering og liten utlodding. *Arr: Imf*
- 14. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 18. kl. 20.00 Fredagstreff
- 26. kl. 18.30 Juletrefest, Imf
- 31. BKU sin nyttårsfest

VELKOMMEN TIL GUDSTENEESTER

**Berre opne for 50 deltagare
om ikkje nye reglar kjem frå
sentralt hold. Følg med på
nettsida: Bjerkreimkyrkja.no
for info**

Sundag 6. desember

Lysmesser i Bjerkreim kyrkje.
Takkoffer: konfirmantarbeidet. Kun
open for konfirmantane og deira
familie

Sundag 13. desember kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.
Takkoffer: NMS.
Besøk av John Olav Dankel.
Song: Hilde, Renate og
Ellinor Moi

Sundag 20. desember kl. 18.30.

Julekonsert i Bjerkreim kyrkje.
Takkoffer: trusopplæringa. Konserten
blir avlyst om det ikkje blir opna for
fleire deltakarar enn 50. Fylg med på
plakatar og nettsida.

Julaftan, torsdag 24. desember

kl.13.00. Familiegudsteneste i
Ivesdal kapell.

Julaftan, torsdag 24. desember

kl.15.00. (NB! Merk tid)
Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Juledag, fredag 25. desember

kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste
i Bjerkreim kyrkje. Takkoffer.
Indremisjonsforbundet i Rogaland

Nyttårsaftan, torsdag

31. desember kl. 23.00.
midnattsgudsteneste i Bjerkreim
kyrkje. BKU deltek.

**NB! Blir det ope for berre 50
deltakare, blir det påmelding
til**

**jule- og nyttårgudstenestane.
Har du spørsmål, ring
kyrkjekontoret 51201198.**

DØYPTE

08.11.20 Linus Ruud Espedal
15.11.20 Ingfrid Egeland
15.11.20 Ina Sofia Eikeland
15.11.20 Torkel Gjesdal
15.11.20 Nora Indrevåg

Adventstid og juletid

Det har vore eit svært vanskeleg år for mange. Meg sjølv inkludert. Koronaåret har vore utmattande og vondt. Ikkje fordi eg eller nokre av mine har vore direkte råka av sjølve viruset. Ikkje enno i alle fall. Men fordi det har vore eit år der eg og mange og alle(!) har forsøkt i bøtter og spenn å strekke oss for å være trygge i pandemi-tida. Ikkje minst har mykje omsorg vore retta til alle desse sårbare gruppene i samfunnet: dei gamle, dei unge, dei i ulike risikogrupper. Omsorg har blitt synonymt med at det sosiale er innskrenka. Omsorg har blitt synonymt med avstand. Omsorg har blitt synonymt med at enormt mange strekker seg lengre enn langt. Eg vil rette ein kollektiv takk til alle sjukepleiarar, hjelpepleiarar, legar, lærarar, barnehagetilsette, foreldre og omsorgspersoner og mange andre. De har gjort ein fabelaktig innsats for alle dei som me elskar; alle desse er i dei sårbare gruppene; pluss resten av oss. Men det er klart at det sliter. Mange kjenner seg trøytte og sletne. Det er grenser for alle - kor langt me kan strekke oss. Og eg kjenner at eg er trøytt, og lei eg og.

Nettopp derfor har eg eit djupt ynskje for oss alle. At julehøgtida må få lov å være eit kjærlig og djupt velkommen pustehol. Der me alle kan få omsorg og kraft. Ja, eg lengtar sårt etter ein skikkeleg fredfylt jul. Der familie får reisa heim til kvarandre. Der me alle kan finne kvile. Og samvær. Og bare vere til for kvarandre. Eg veit ikkje akkurat no om det vil vere lov; men må alle som treng det få lov til å kjenne hud mot hud; lange, gode og vennlege handhelsingar; varmande klemmar til mor og far, bestemor og bestefar, til barnebarn og oldebarn. Betre gāve kan eg ikkje tenkja meg i år!

Så innser eg og: det eg lengtar etter er jo nettopp det som er noko av kjerneverdiene med jula; det dei fleste julekrubbene viser. Nemlig Jesusbarnet. Fredsfyrsten. Som verda så sårt treng. Stallen der den lille familien er. Samla. Og nært. Gjetere og vismenn som får lov å komme på besøk. Sjølvsagt helsar dei på denne nybakte familien, og gjev sine gratulasjonar til mor og far og barn med lange, gode og venlege handtrykk og varmande klemmar. Og gāver. Jo. Det er det og plass til.

Eg ynsker ei velsigna jul til kvar og ein, meg sjølv inkludert. Med kraft frå Gud i det høge; med fred på jord; med samhald i kvar ein stue; mellom oss menneske; og i kvart eit hjarte.

mvh Leif prest

KORONA

Vi i kyrkja er som alle andre svært fortvila over begrensningar me til ein kvar tid må forhalde oss til i forhold til korona. Me tenkjer både på unge og gamle, og menneske som står i sårbare situasjonar med livet. Sjølvsagt vil me etterfølge dei til ein kvar tid gjeldane reglar; antall; bevegingar i kyrkja, syning/ikkje syning osb. Men me bed også dykk som er vår kyrkjelyd til å hjelpe oss: Respekter merking, følg anvisningane frå beteninga, definisjonen «dei som ein bur under same tak med», osb. Det kjem stadig endringar i veileidaren vår.

Me vil leggje til rette for korona-forsvarlige gudstenester – og me ser fram til betre tider.

GÅVE TIL MISJONSPROSJEKTET VÅRT «LIBERIA».

Misjonsalliansen og deira arbeid i Liberia, misjonsprosjektet vårt med bygging av skular, microfinans, vatn og sanitærprosjekt m.m.

Gāver blir motteke med stor takk og kan overførast på Bjerkreim sokn sin konto 3344.07.11257 og merkast med «misjonsprosjektet». Så blir gāva send vidare til Misjonsalliansen og prosjektet. Ønskjer du skattefrådrag for gāva, må du inngå avtale om det. Ta kontakt med kyrkjekontoret for meir info.

GÅVE TIL TRUSOPPLÆRINGA

Dersom du vil gje gāve, er vi takksame for det. Pengane kan overførast konto 3344.07.11257. Det er skattefrådrag for gāver til kyrkja. Vilkåret er at beløpet er minst 500 kr i året og at personnr. blir oppgjeve.



Ei krybba i Betlehems stall


Tekst (omsett til norsk): Trygve Bjerkheim

Ei krybba i Betlehems stall var den stad
der verda sin Frelsar til kvila dei la.
Og stjerner frå himmelen ned på han såg,
på høy og på halm i krybba si låg.

Sjå barnet det vaknar, og om det er kveld
Og skumring i stallen, så smiler det lell.
Eg elskar deg, Jesus, til meg også sjå!
Og vak ved mi vogga, så trygtsov eg då.

Ver hos meg, å Jesus, ver alltid meg nær!
Meg verna på vegen, og elsk meg, eg ber!
Velsigna du borna, du har oss så kjær!
Og før oss til himlen – Me møter deg der.

INFORMASJON



Avd. Sør-vest

Senteret AS

tlf. 51 49 20 20

Befaring og tilbud:

PITTERGARDEN VIKESÅ

© 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med sær preg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA

Dekorasjonskveld

14. og 15. desember kl 18.00 – 21.00

Velkommen til juleverksted med fokus på juledekorasjoner
Du er også velkommen til å komme innom å lage dekorasjon
når som helst, men avtal på forhånd.

Julebutikken har åpent mandag til fredag kl 10.00-20.00
Lørdag kl 09.00 – 17.00

Jultresalget starter 7.12.

Flotte norske, nyhogde juletre av norskgran,
normannsedelgran og fjelledelgran

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775 / 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!




EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VI ØNSKER ALLE TO-
OG FIRBEINTE EN RIKTIG
GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

Spesialistkompetanse på
tannsykdommer hund og katt

Timebestilling 95141920



*Gi en julegave dyret ditt
har nytte av*

Tannhelse er viktig for god helse på både
dyr og folk. Hunder og katter forteller
sjeldent om smerter og sykdommer
i munnen. Beste måte å få undersøkt
helsetilstanden er time hos tanndyrlege der
dyret legges i narkose og
det tas røntgen og sonderes.

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.